

# Årsmelding for året 2012



## Styret

Styret i rideklubben har bestått av:

Leiar: Edle Holmin  
Nestleiar: Per Ove Mundal  
Kasserar: Liv Jorunn Nyhagen  
Sekretær: Kjersti Stålem  
Styremedlem: Synnøve Nedrelid  
1. vara: Karin Vatnehol  
2. vara: Ida Kristine Standal

Styret har i alt hatt 9 styremøter i 2012.

Vi har ikkje hatt ei aktivitetsgruppe dette året, så styret har teke seg av desse sakene også.

Vi har hatt totalt 32 medlemmer i løpet av året, og 19 av dei har betalt baneleige.

## Sommarshow

9. juni arrangerte vi sommarshow på ridebana med mange kjekke innslag som blant anna snørekjøring, sprangkvadrilje, laushopping med klovnar og barneriding. Vi hadde også ein konkurranse der folk kunne tippe vekta på oldenburgeren Thoke. Der var opp mot 100 personar som møtte opp på showet vårt og vi var også heldige med veret.

## Dugnader

Sidan økonomien vår er stram for tida har vi bestemt at styre-medlemmane ikkje får gavekort for dugnadstimar. I tillegg har vi gått ned på antal timer medlemmane må ha for å få eit gavekort på 100 kr frå Eiksenteret eller Felleskjøpet. Ein må no ha 5 dugnadstimar for å få eit gavekort og timane må registrerast på dei private sidene på nettsida.

I 2012 kalla vi inn til 5 dugnader totalt der vi hadde vanleg vedlikehald på ridebana i tillegg til å rydde opp etter at stormen Dagmar hadde herja på bana og flytta dommarbua og rive ned noko av gjerdet.

## Kurs og anna

Vi har hatt nokre treningar med Matilde Brogge for medlemmane i tillegg til at Elisabeth Busengdal har instruert. Silvia Førde har også instruert for nokre av medlemmane før vinteren. Gunnar Bruland var innom Volda ei helg i haust og instruerte i kjøring.

Vi har delteke på den faste sommarsavslutninga til Scana Volda med ein hest til barneriding. Under Kvivsveg-tunnell opninga stilte vi med ein hest som ungane

fekk ri på og ein hest med vogn. Vi fekk dekt jobben med Volda næringshage slik at ungane fekk ri gratis. I tillegg har vi vore med på barneriding på Åneset i samarbeid med ei sandvolleyball-turnering.

Vi har hatt eitt ridekurs over ei helg på våren og eitt ridekurs som gjekk over 4 torsdagar på vinteren. Desse kursa har vore veldig vellykka, spesielt å fordele det over 4 dagar både for barna og hestane. Vi har arrangert 4 rideturar for barn og vaksne i løpet av 2012

Klubben er også med på eit opplegg som heiter Trivselsleiar. Det vil seie at barn på skulen som er trivselsleiarar set i gang leiker som inkluderar alle og bidreg til å gi alle ein meir positiv skuledag. Som belønning får dei velge mellom ulike aktivitetar, og vi tilbyr ein ridetime om dei har vore trivselsleiar på skulen sin. Vi hadde 1 ridetime i 2012.

### **Stemner og resultat**

Vi har arrangert totalt 4 stemner i 2012, av dei 2 dressur- og 2 køyrestemner. Med stor ridebane på plass og tilgang på løyper mot Vassbotnen fekk vi avvikla to køyrestemner. Det eine stemnet var KM i køyring som vi arrangerte i samarbeid med Ørsta ride- og køyreklubb der vi hadde maratonbiten i Volda og dressur og presisjon i Ørsta.

Vi har også arrangert 2 juniorstemner der barn får prøve seg i ei hinderløype med leiar om dei ønsker det. Dette har vore veldig populært og vi har planar om å arrangere fleire slike stemner i 2013.

Liv Jorunn Nyhagen med Pokemann vann NM senior og greinmeisterskapen i dressur under årets fjordhest NM som var på Voss. Ida Standal deltok også med hesten Linndi på NM og fekk ein 11. plass i sprang 80 cm. Liv Jorunn og Pokemann vart i tillegg kreitsmeistrar i dressur og cupvinnar i dressur for Sogn og Fjordane.

### **17. mai**

Vi fekk gå fremst i år også i folketoget med Svarta og Pokemann. Det hadde vore kjekt om fleire hestar vil stille i toget i 2013 og også fleire medlemmar vil gå lengre bane ved fana vår.

### **Nettsida**

Nettsida vår blir ein del brukt i tillegg til at medlemmane er aktive på gruppa vår på Facebook. I løpet av 2012 hadde vi rundt 6000 besøkande på sida vår. Det går også an å logge inn på dei private sidene våre via Facebook, Twitter og Google. Så då håper vi at medlemmane vil bruke dei private sidene våre enno meir.

### **Fareskilt og namneskilt**

Etter å ha søkt og venta i fleire år fekk vi endeleg opp fareskilt for hest ved

innkøyringa til Vassbotnen. Vi fekk også opp eit namneskilt som det står "Ridebane" på som viser betre kor ridebana vår ligg.

### **Spelemidlane**

Vi fekk innvilga spelemidlane og fekk 376 000 kr so gjekk rett inn i lånet vårt og gjorde at vi no har eit lån på 477 489 kr. Vi har også søkt om 149 394 kr i momskompensasjon for anlegget og håpar at vi får heile summen.

*Skrive av leiar Edle Holmin*

